


Plan for
KVALITETSUTVIKLING

Oppvekst- og kultursektoren i Ørsta

2007-2014



15.12.2006

Utforminga av planen, og politisk handsaming.

Freistnad på ukritisk overføring av målstyringstenking på oppvekst- og kulturområdet vil vere uheldig, og kan heller ikkje gjennomførast i ei reindyrka form. Den grunnleggjande ideologien er basert på målbare storleikar som langt på veg kan måloperasjonaliserast i næringslivet, men ikkje ukritisk overførast på verksemdsområde som : skule, barnehage, kultur og barnevern. Ei reindyrka målstyringstenking for dei aktuelle verksemdsområda er med andre ord korkje ynskjeleg eller mogeleg, men "ei tilpassa målstyring" kan likevel representere ei konstruktiv tilnærming til verksemdsstyring på dei aktuelle områda. Også oppvekst- og kultursektoren vil i sterkare grad kunne utvikle dugleik i å formulere og operasjonalisere mål for verksemda, og såleis freiste sikre ein mest mogeleg reflektert ressursinnsats innan skule, barnehage, kultur og barnevern. Men dette vil setje krav til kompetanse- og medvitsnivå, om vi skal unngå å dreie fokus for verksemda mot det lettast målbare..

Med bakgrunn i vedtekne visjonar og overordna mål i kommuneplanen, vedtok fagutvalet for oppvekst og kultur 0.03.99 i sak 23/99 følgjande *overordna mål for Oppvekst- og kultursektoren*:

- 1. Eit opplevd kvalitetstilbod innan opplæring, oppvekst og kultur, tilpassa kommunens økonomiske rammer.**
- 2. *Born og unge med eit positivt sjølvbilete, lokal identitet og evne og vilje til å ta ansvar.***

Med utgangspunkt i desse måla, vart det hausten - 99 utarbeidd ein utviklingsplan for sektoren, der dei vedtekne måla vart freista operasjonalisert i utviklings- og delmål for den praktiske verksemda. Det overordna siktemålet var å freiste sjå verksemda i samanheng, og sikre ein mest mogeleg samla og reflektert ressursinnsatsen innan skule, barnehage, kultur og barnevern. Planen hadde eit tidsperspektiv som spente over 2 økonomiplanperiodar, og vert no rullert.


Med basis i utviklingsplanen vert det innanfor rammene av vedteke budsjett, årleg utarbeidd verksemdsplan som inneheld meir handfaste arbeidsmål som kan utleiast i konkrete tiltak. Arbeidsmål og tiltak gir grunnlag for evaluering i samband med årsmelding.

I tillegg til utviklingsplan for perioden 2007-2014 og verksemdsplan for 2007, er det utarbeidd ein plandel for kompetanseutvikling for tilsette i Oppvekst- og kultursektoren. Utviklingsplan, verksemdsplan og kompetanseutviklingsplan går inn som plandeler i ein samla Plan for kvalitetutvikling for Oppvekst- og kultursektoren i Ørsta. Plandelene grip inn i kvarandre og representerer ein heilskap som medverkar til kvalitetsutvikling og kvalitetssikring av verksemda i sektoren.

Kvalitetsutviklingsplanen har eit tosidig siktemål. Han skal vere:

1. Ein overordna plan for koordinering og utvikling av verksemda i oppvekst- og kultursektoren i Ørsta, med sikte på strukturering, retning og kvalitetsheving av verksemda innanfor dei ressursrammer vi disponerer.
2. Ein styringsreiskap både for politisk og administrativ leiing, den einskilde institusjon og den einskilde tilsette.

I planperioden vil det vere opp til fagutvalet for oppvekst og kultur å årleg oppgradere kompetanseutviklingsdelen og vedta verksemdsplan for det einskilde budsjettår innan gjeldande budsjettammer.



Ørsta, 15.12.2006

Einar Muren
Oppvekst- og kultursjef

INNHALD

UTFORMING AV PLANEN OG POLITISK HANDSAMING

1	UTVIKLINGSPLAN	2007-2014		
1.1.	Mål		s.	6
1.1.1.	Visjonar, hovudmål og strategiar for Ørsta kommune		s.	6
1.1.2	Nasjonale mål for oppvekst og kulturområdet		s.	7
1.1.2	Lovpålagde oppgåver for oppvekst og kulturområdet		s.	7
1.1.4.	Mål for oppvekst- og kulturområdet i Ørsta		s.	8
1.2.	Skule		s.	8
1.2.1	Utviklingsmål for verksemdsomsråde: skule		s.	8
1.2.2.	Delmål og utviklingstiltak for verksemdsomsråde: skule.		s.	8
1.3.	Kultur		s.	11
1.3.1	Utviklingsmål for verksemdsomsråde: kultur		s.	11
1.3.2.	Delmål og utviklingstiltak for verksemdsomsråde: kultur.		s.	11
1.4.	Barnehage		s.	13
1.4.1	Utviklingsmål for verksemdsomsråde: barnehage		s.	13
1.4.2.	Delmål og utviklingstiltak for verksemdsomsråde: barnehage.		s.	13
1.5.	Barnevern		s.	15
1.5.1	Utviklingsmål for verksemdsomsråde: barnevern		s.	15
1.5.2.	Delmål og utviklingstiltak for verksemdsomsråde: barnevern.		s.	15
1.6.	Administrasjon og leing		s.	17
1.6.1	Utviklingsmål for administrasjon og leing		s.	17
1.6.2.	Delmål og utviklingstiltak for administrasjon og leing.		S.	17
2.	PLAN FOR KOMPETANSEUTVIKLING	2007-2014		
2.1	Bakgrunn og siktemål med plandelen		s.	19
2.2.	Skule		s.	20
2.2.1.	Målsetjingar for verksemdsomsråde: skule.		s.	20
2.2.2.	Prioriterte område		s.	20
2.2.3.	Tiltak		s.	21
2.2.4.	Ressursar		s.	25
2.3.	Kultur		s.	26
2.3.1.	Målsetjingar for verksemdsomsråde: kultur.		s.	26
2.3.2.	Prioriterte område		s.	27
2.3.3.	Tiltak		s.	27
2.3.4.	Ressursar		s.	28
2.3.5.	Prioriterte område og tiltak i 2007.		s.	38
2.4.	Barnehage		s.	29
2.4.1.	Målsetjingar for verksemdsomsråde: barnehage.		s.	29
2.4.2	Prioriterte område		s.	30
2.4.3.	Tiltak		s.	30
2.4.4.	Ressursar		s.	31
2.4.5.	Prioriterte område og tiltak i 2007.		s.	31

2.5.	Barnevern	s.	33
2.5.1.	Målsetjingar for verksemdsområde: barnevern.	s.	33
2.5.2.	Prioriterte område	s.	34
2.5.3.	Tiltak	s.	35
2.5.4.	Ressursar	s.	35
2.5.5.	Prioriterte område og tiltak i 2007.	s.	35
2.6.	Administrasjon og leiing	s.	36
2.6.1.	Målsetjingar for administrasjon og leiing.	s.	36
2.6.2.	Utfordringar	s.	36
2.6.3.	Prioriterte område	s.	37
2.6.4.	Tiltak	s.	37
2.6.5.	Ressursar	s.	37
2.6.6.	Prioriterte område og tiltak i 2007.	s.	38
3	VERKSEMDSPLAN 2007		
3.1	Bakgrunn og siktemål med plandelen	s.	41
3.2.	Årsplan for fagutvalet si sakshandsaming	s.	42
3.3.	Skule	s.	43
3.4.	Kultur	s.	47
3.5.	Barnehage	s.	51
3.6.	Barnevern.	s.	54
3.7.	Administrasjon og leiing	s.	56

UTVIKLINGSPLAN

for

OPPVEKST- og KULTURSEKTOREN

i Ørsta

2007-2014

1.1. MÅL

1.1.1. Visjonar , hovudmål og strategiar for Ørsta kommune

Visjon, hovudmål og strategiar for kommuneplanen 2000-2012, vart vedteke av kommunestyret 28.06.99 i K-sak 33/99. Dei politisk vedtekne visjonane for utviklinga av Ørsta kommune er romslege, men dei er ein peikepinn på kva ein strekkjer seg etter i samband med utarbeiding av planar og i tenesteytinga.

Ørsta kommune skal vere ein kommune:

- Med aktive enkeltmenneske med framtidstru og livsoptimisme.
- Trygge levevilkår og levedyktig lokalsamfunn.

Visjonane er konkretisert gjennom følgjande hovudmål:

- Eit stabilt busetjingsmønster og positiv folketalsutvikling i kommunen.
- Eit tilbod på arbeidsplassar som samsvarar med behovet i planperioden.
- God livskvalitet og trygghet for folk som bur i kommunen.
- Innbyggjarar som ivaretek fellesskapet sine interesser og tek ansvar for den lokale samfunnsutviklinga

Politisk vedtekne strategiar i planperioden:

Gode oppvekstvilkår for barn og unge:

- ⇒ varierte aktivitetstilbod/anlegg (m.a. skule- og barnehagar som fleirbrukshus)
- ⇒ trafikktryggingstiltak
- ⇒ setje krav til utforminga av bu- og nærmiljø og medverke til utbygging av skule- og barnehagetilbod med god kvalitetsmessig innhald, og med vektlegging på identitetsbygging og ansvarskjensle for individ og samfunn
- ⇒ førebyggjande arbeid i samarbeid mellom heimane, skule, barnehage, barnevern, helsestasjon, politiet og lag og organisasjonar m.v. – og særleg satsing på å etablere sosiale nettverk og trygge nærmiljø for barn og unge som ikkje naturleg får stetta desse behova
- ⇒ samordning om tilfredsstillande tilbod til grupper med særlege behov for hjelp

Stimulere til god livskvalitet for alle:

- ⇒ gjennom samordna planlegging leggje til rette for gode bumiljø
- ⇒ stimulere bustadbygging tilpassa grupper med særlege behov
- ⇒ auka frivillig innsats gjennom bruk av kommunale anlegg og tilskotsordningar til lag og organisasjonar for å stimulere til varierte aktivitets- og kulturtilbod
- ⇒ god miljøpolitikk gjennom samordna planlegging, arealforvaltning, estetiske krav til det fysiske miljøet, rammeplanane for vatn, avløp og avfall og risiko – og sårbarheitsanlayser.
- ⇒ like rettar og likeverd for innbyggjarane uavhengig av kjønn, etnisk bakgrunn, sosial status m.v.

1.1.2. Nasjonale mål for oppvekst og kulturområdet:

Kommunen skal vere med på å gjennomføre den nasjonale utdannings- oppvekst- og kulturpolitikken ved å tilpasse tenestene lokalt. Nasjonale mål må difor sjåast i samanheng med kommunen sine eigne langsiktige mål, og vere integrert i kommunale plandokument.

Følgjande nasjonale mål skal vere styrande for sektoren si verksemd:

- å sikre born og unge opplæring og gode oppvekstvilkår
- å førebyggje omsorgssvikt og åtferdsproblem
- å fremje kunnskap og kulturforståing
- å fremje eit omsorgs- og tilsynstilbod før og etter skuletid, sentrert om kultur og fritidsaktivitetar tilpassa borna sine interesser og funksjonsnivå

1.1.3. Lovpålagde oppgåver for oppvekst- og kulturområdet

Opplæringslova gir kommunen pålegg om å oppfylle retten til grunnskuleopplæring og spesialpedagogisk hjelp for alle som er busette i kommunen. Dette gjeld og planlegging og utvikling av grunnskuleopplæring for vaksne (Oppl.lova §§13-1 og 13-5).

Kommunen skal åleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit kulturskuletilbod til born og unge, organisert i tilknytning til skuleverket og kulturlivet elles (Oppl.lova §13-6).

Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning for 1.-4. klassesteg som gir borna omsorg og tilsyn før og etter skuletid, der det vert lagt til rette for leik-, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hjå borna (Oppl.lova §13-7).

Lov av 17. juli 1992 nr. 100 om barneverntenester gir kommunen ansvar for å utføre dei oppgåver som ikkje ligg til statlege organ. Dette femner m.a. om å sikre born sine oppvekstvilkår og førebyggje omsorgssvikt og åtferdsproblem.

1.1.4. Mål for oppvekst- og kulturområdet

Fagutval for oppvekst og kultur vedtok 10.03.99 i sak 23/99 følgjande overordna mål for Oppvekst- og kultursektoren:

Eit opplevd kvalitetstilbod innan opplæring, oppvekst og kultur, tilpassa kommunens økonomiske rammer.

2. Born og unge med eit positivt sjølvbilete, lokal identitet og evne og vilje til å ta ansvar.

Fagutvalet vedtok vidare utviklingsmål for dei ulike verksemdsområda, og med basis i desse måla er delmål og utviklingstiltak utarbeidd.

1.2. SKULE

1.2.1. Utviklingsmål

Utviklingsmål for verksemdsområdet skule :

- *Skular som er førebudde på nye oppgåver, og i stand til å meistre desse.*
- *Eit læringsmiljø som fremjar kunnskapssøking.*
- *Eit tverrfagleg samarbeid som sikrar ei heilskapleg forståing av lærings- og oppvekstmiljøet.*
- *Born, unge og foreldre med evne og vilje til å ta ansvar for lærings- og oppvekstmiljøet.*
- *Elevar med tru på eigen verdi og von om eit godt liv i Ørsta.*

1.2.2. Mål og utviklingstiltak

Skular som er førebudde på nye oppgåver, og i stand til å meistre desse

Delmål 1

Realisering av utbyggingsbehov som følgje av Reform 2006.

Utviklingstiltak:

- Fullføre rehabilitering av Ørsta ungdomsskule
- Påbygg til Velle skule
- Avklare og evt. utvikle behovet for "forsterka skule"
- Rehabilitering/nybygg av gymanlegga og ungdomsskulebygga på Vartdal- og Sæbø
- Sikre uteskuleområda gjennom regulering
- Ny Dalane skule bygd på Legene

Delmål 2

Intensjonane i Reform 2006 realisert i grunnskulen i Ørsta.

Utviklingstiltak:

- Sikre ressursrammer og innhaldskvalitet i skulane, og gjennomføring av Reform 2006
- Sikre stabile resursrammer for barne og ungdomsskulane på Sæbø og Vartdal
- Kvalitetssikre arbeid med lokale læreplanar
- Stimulere utviklingstiltak innretta mot Reform 2006
- Sikre etter- og vidareutdanning for utvikling av innhaldskvalitet i skulen.
- Vidareutvikle eit inkluderande og stimulerande arbeidsmiljø for dei tilsette.
- Stimulere nettverkssamarbeid kommunalt og regionalt

Delmål 3

Ørsta opplæringscenter som ressurs- og tenestecenter for skular og barnehagar.

Utviklingstiltak:

- Utvikling av tilbodet ved Ørsta opplæringscenter i samsvar med nye behov.
- Utvikle Ørsta opplæringscenter si koordinatorrolle for spes.ped.tiltak.
- Vidareutvikle Ørsta opplæringscenter som tenestebase for logopedi.
- Opprette koordinator for undervisning av minoritetsspråklege

Eit læringsmiljø som fremjar kunnskapssøking.**Delmål 1**

Ei lærings- og kunnskapsforståing i skulane, som fremjar elevaktiv kunnskapssøking.

Utviklingstiltak:

- Utvikle og sikre kvalitet og framdrift i PPT sitt arbeid, for å kunne tilby meir fleksibel og tilpassa undervisning.
- Vidareutvikle lærarar og skuleleing si forståing av læreprosessen og tilpassing av undervisninga.
- Stimulere meir elevaktive læreprosessar

Delmål 2

Eit alternativt pedagogisk tilbod for elevar med særlege behov

Utviklingstiltak:

- Vidareutvikle det alternative tilbodet organisert under Ørsta ungdomsskule
- Sikre tenlege lokale og plassering, for å kunne gi eit variert og godt tilbod.
- Vidareutvikle bruk av "Grøn omsorg"
- Vurdere innskulings-/introduksjonstilbod for framandspråklege i grunnskulealder

Delmål 3

IKT-tilbod som stettar krava til eit oppdatert læringsmiljø.

Utviklingstiltak:

- Utvikle IKT som reidskap for realisering av Reform 2006 Vidareutvikle tenestebase for IKT i grunnskulane
- Vidareutvikle lærarane sin IKT-kompetanse
- Sikre økonomi til nødvendig utskifting/oppdatering av utstyr og programvare

Eit tverrfagleg samarbeid som sikrar ei heilskapleg forståing av oppvekstmiljøet.

Delmål

Tidleg førebygging gjennom samarbeid.

Utviklingstiltak:

- Vidareutvikle samarbeidet mellom skulane og barneverntenesta.
- Vidareutvikle samarbeidet mellom skulane og PPT i høve til born med særskilde behov.
- Vidareutvikle samarbeidet mellom barnehagar og skular m.a. for å sikre gode informasjonsrutiner i overgangen barnehage-skule
- Vidareutvikle samarbeidet med heimane, med sikte på stimulering og førebygging.
- Samordne ressursutnytting i førebyggjande tiltak

Born, unge og foreldre med evne og vilje til å ta ansvar for lærings- og oppvekstmiljøet.

Delmål 1

Foreldre som er trygge i foreldrerolla, og tek aktivt medansvar for oppvekst- og læringsmiljøet.

Utviklingstiltak:

- Støtte/rettleie foreldre som oppsedarar og omsorgspersonar
- Utvikle foreldresamarbeid og kommunikasjonen med heimane
- Gjere heimane medvitne og medansvarlege for læringsmiljøet og elevane si læring.

Delmål 2

Born og unge som tek medansvar for lærings- og oppvekstmiljøet.

Utviklingstiltak:

- Gi born og unge medansvar for læringsmiljøet og eiga læring.
- Gi born og unge innverknad og medansvar i utvikling av det lokale oppvekstmiljøet

Elevar med tru på eigen verdi, og von om eit godt liv i Ørsta.

Delmål 1

Elevar med positiv sjølvforståing.

Utviklingstiltak:

- Stimulere positiv sjølvforståing som føresetnad for læring.
- Utvikle sosial kompetanse som føresetnad for positiv sjølvforståing.

Delmål 2

Elevar med ein positiv lokal identitet.

Utviklingstiltak:

- vidareutvikle samarbeidet mellom skulane og friviljuge lag og organisasjonar
- vidareutvikle samarbeidet mellom skulane og kommunale kulturinstitusjonar
- vidareutvikle samarbeidet mellom skulane og Ivar Aasentunet
- vidareutvikle samarbeidet mellom skulane og Brudevolltunet/ Sunnmøre Museum
- fremje lokalkunnskap og oppleving av lokal tradisjon.